

Til  
**Naboar og  
Kommunen**

Knarvik, 04.03.2021

## **Orientering om tiltak: planering av område BB4 Kubbaleitet reguleringsplan gbnr 137/803 mfl.**

### **Nabovarsel via Altinn.**

Dersom du ikkje har merknader, treng du ikkje gjere noko (heller ikkje kvittere i Altinn)

Dersom du har kommentarar, spørsmål eller lurer på noko i samband med dette tiltaket eller anna i samband med utbygginga ta gjerne kontakt med oss på epost [kiell@reigstadbygg.no](mailto:kiell@reigstadbygg.no) eller tlf 977 47 964. Vi svarer gjerne.

Dersom du har konkrete merknader til dette tiltaket kan det sendast via Altinn eller på epost til oss. Eventuelle merknader vert tatt med i byggesaken som vert sendt kommunen.

### **Innleiing**

Me har nett starta arbeidet med bygging av bustad 5 på gbnr 137/803 (bygg 1 på område BB2), seinare i år vert det også oppstart av bustad 6 og 7 (bygg 2 og 3) på same område.

Vi ser det som gunstig for bebuarar, arbeidarar og andre naboar at så mykje som mogeleg av dei nærliggande tomteområda vert sprengt ut og planert før det vert flytta inn.

### **Planering skaper gode tilhøve for HMS i prosjekta**

I samband med arbeid både med VVA prosjektet og seinare byggeprosjekt på BB2 i løpet av 2021 og 2022/23, vil det vere behov for riggplass for utstyr, materiell og mannskap. Då er det fint med ein stor flat plass.

### **Sprenging og planering.**

BB4 er tenkt nedsprengt til kote + 19, dette er berekna ut i frå ei maks byggehøgde bygg på +35,5 i samsvar med reguleringsplan.

Området er tenkt planert på kote + 20,9 til ca 21,9/føl stigning til veg o\_V5 slik at planeringa vert om lag på nivå med veg 0\_V5. Heile området vert då lett tilgjengeleg frå vegen.

### **Sikring av skjæring**

Før arbeidet tek til vert området sikra med fastmontert/permanent klaresikkert sikringsgjerde ved skjæringstopp. Min høgde vil vere 1,2 m (rekna frå overkant). Gjerde vert ein del av det permanente gjerde som må vere på staden. I anleggsfasen vil det i tillegg vere anleggsgjerde (rød plast) som viser fare/anleggsområde (er der i dag). Det vert også sett opp fleire skilt i området som vil markere at dette er anleggsområde.

#### **VISJON:**

HEILSKAP  
OG KVALITET

Osterfjordv.124  
5914 Isdalstø

Org.nr :  
982 231 345

epost: [post@reigstadbygg.no](mailto:post@reigstadbygg.no)

heimeside: [www.reigstadbygg.no](http://www.reigstadbygg.no)

Dagleg leiar:  
**Geir Reigstad:**  
92 60 82 35  
[geir@reigstadbygg.no](mailto:geir@reigstadbygg.no)

#### **Bygg**

Fagleg leiar:  
**Håkon Reigstad**  
92 60 82 36  
[hakon@reigstadbygg.no](mailto:hakon@reigstadbygg.no)

Fagleg leiar  
byggesak og  
prosjektering:  
**Kjell Reigstad**  
97 74 79 64  
[kjell@reigstadbygg.no](mailto:kjell@reigstadbygg.no)

Teikning  
Prosjektering,  
Byggesak  
Nybygg  
Tilbygg  
Bustad  
Garasjar  
Hytter

#### **Entreprenør**

Fagleg leiar  
**Rolf Reigstad**  
90 03 97 61  
[rolf@reigstadbygg.no](mailto:rolf@reigstadbygg.no)

Graving,  
Boring  
Sprenging  
Transport  
Støyping  
Natursteins  
Muring  
Uteareal  
Grøntareal

**Mellombels omlegging anna infrastruktur**

Straum og fiber på stolper i området kan verte mellombels flytta. om dette ikkje er lagt i grøft innan den tid. Avløpsledning frå felles avløpsanleggssystem frå gbnr 137/38, 478 mfl vil bli ivaretatt.

**Rystelsesmålarar**

Det vert som utplassert rystelsesmålarar på dei nærliggjande bygningane.

**Varsling**

Sprenging vert varsla på vanleg måte med sirene.

**Massehandsaming.**

Det vil vere ein del overskotsmassar. Desse vert bortkjørt til godgjende deponi/ andre anleggsområde i nærleiken som har behov for stein. Det kan og i perioden verte nytta knuseverk, slik planen legg opp til, i så fall vert det sendt ut eige orientering.

**Tidsplan planering.**

Vi er litt usikker på oppstart, men ein kan rekne med kontinuerleg arbeid ca 5 mnd. Vi planlegg i alle fall for at heile området ferdig utsprengt pr. 01.01.2022

Området vert grovplanert ferdig ca 01.02.2022

Arbeidet vil i hovudsak pågå i normal arbeidstid mån- fredag 07.00- 15.00.

**Anna planlagt framdrift for Kubbaleitet.**

Det er sansynleg at område BB5 også vert planert ut i same tidsrom som BB4. Kjem eige nabovarsel/byggesak for dette seinare.

**Oppstart bygg 6 og 7**, hausten 2021 (bygg nr. 2 og 3 område BB2)

**Ferdigstilling bygg 5**, februar 2022 (bygg nr. 1 BB2)


Samstundes vert veg/fortau, kyststi og den største leikeplassen/ballbane ferdigstilt.

**Ferdigstilling bygg 6 og 7** til sumaren 2023.

(Framdrift: med alle moglege atterhald)

Ta gjerne kontakt om noko er uklart!

Med vennleg helsing  
For Reigstad Bygg og Eigedom as



Kjell-A. Reigstad  
Ansvarleg søkjar



BB5 seinare

OMRÅDE BB4  
Sprengingsnivå + 19  
Planerast til nivå mellom + 20.9 og 21.6  
(føl endring veghøgd)

+19,27

gbnr 137/185

gbnr 137/487


gbnr 137/803

gbnr 137/817

Situasjonsplan Planering  
Område BB4 Kubbaleitet  
gbnr 137/803  
1-500 A3-02032021

BB3 seinare

BB2 pågåande





BB5 seinare

OMRÅDE BB4  
Sprengingsnivå + 19  
Planerast til nivå mellom + 20.9 og 21.6  
(føl endring veghøgde)

+19,27

P 120

Føremålsgranse f\_L7

Byggegrense bygg

+21.6

Regulert byggegrense p-kjellar

+21.3

Føremålsgranse grøft f\_V7

gbnr 137/487

P 100

P 80

Føremålsgranse f\_L6

gbnr 137/185

o\_V5 anna byggesak 20/7972.

Byggegrense bygg

+21

o\_V5

+20.9

Permanent sikringgjerd  
Klatresikkert Flettverk  
h min 1,2 m

BB2 pågåande

Regulert byggegrense p-kjellar

planert +20.9

Anleggsgjerde  
farevarsel rød

P 40

P 20

Føremålsgranse f\_L5


gbnr 137/817

gbnr 137/803


Situasjonsplan Planering  
Område BB4 Kubbaleitet  
gbnr 137/803  
1-500 A3-02032021

BB3 seinare







Kubbalettet gbnr 137/803  
 Planering område BB4  
 Snitt 20, 1:200 A4  
 02032021 kar



Kubbalettet gbnr 137/803  
Planering område BB4  
Snitt 40, 1:200 A4  
02032021 kar



Kubbalettet gbnr 137/803  
 Planering område BB4  
 Snitt 60, 1:200 A4  
 02032021 kar



Kubbaleitetet gbnr 137/803  
 Planering område BB4  
 Snitt 80, 1:200 A4  
 02032021 kar



